



I VINDEN: Fleire vel yrkesfag i år enn tidlegare viser dei ferske tala.

Arkivfoto: Stig Erik Elliott

Fleire elevar vel yrkesfag

Liten oppsing for yrkesfaga i Norge.

**Kunnskapsdepartementet,
pressemelding**

Meir enn 34.500 elevar har fått plass på yrkesfag når dei startar opp i vidaregåande opplæring denne hausten. Halvparten av elevane på VG1 får no plass på yrkesfag, og det er den største delen på fleire år.

– Det er svært gledeleg at fleire vel yrkesfag. Me treng mange flinke fagarbeidrarar i åra fram-

over, seier kunnskaps- og integreringsminister Jan Tore Sanner.

Totalt er det i underkant av 69.500 som skal begynne på det første året i vidaregående opplæring (VG1). For første gang på mange år fordeler elevane seg likt mellom yrkesfagleg og studieførebuande utdanningsprogram.

Helse og bygg aukar mest
Inntakstala viser at studieprogramma helse- og oppvekst og bygg- og anleggsteknikk aukar mest, med høvesvis 203 og 220 fleire elevar enn i fjor som får

plass på VG1-nivå. Totalt for alle åra i vidaregåande opplæring aukar helse- og oppvekstfag med 437 fleire elevar enn i fjor. I bygg- og anleggsteknikk er den totale auka på 246 elevar.

– Me har lenge erkjent eit behov for fleire fagarbeidrarar, og regjeringa har iverksett ei rekke tiltak. Desse tala viser at utviklinga no går i riktig retning. Fleire ungdommar vel yrkesfag. Samtidig ser me at rekordmange no får lærepllass, og at fleire fullfører og består ein yrkesretta vidaregåande utdanning. Det er veldig

positivt, men me skal fortsette å halda trykket oppe, seier Sanner.

Utviklinga av delen tilbod i VG1 fordelt på studieførebuande og yrkesfagleg utdanningsprogram (media og kommunikasjon reknast som studieførebuande for alle år)

Meir tilpassa

– Det er flott at så mange ungdommar ser moglegheitene som ligg i yrkesfaga, no som me tilpassar dei betre til arbeidslivet og gjør dei meir yrkesretta, seier direktør i Utdanningsdirektoratet, Hege Nilssen.

– Studiesførebuande er det faget som går mest ned, med 2409 færre elevar enn i fjor.

9 av 10 har fått tilbod om skuleplass

Av i alt 190 698 søkerar til skuleplass har 92 prosent fått tilbod om plass. Det er etter at alle fylkeskommunar har gjennomført sitt førsteintakt. 85 prosent har fått tilbod om sitt førsteønske, noko som er litt mindre enn i fjor.

Det er 1600 færre søkerar til skuleplass i 2018 enn i 2017.

Kystsogeveker opnar på Toska

Under opninga i Toskavågen 12. august vert det musikalske innslag med elevar frå kulturskulen, skriv kommunen på nettsidene sine. Elles vert det aktivitetar for heile familien. Dei som ønskjer det, får sjansen til å ta roknappen. Det vert og guida tur på Toska, leia av Kristoffer Toska.

Den offisielle opninga av kystsogevekene i år var i Bergen i samband med arrangementet Fjordsteam i helga.

Ber om kandidatar til Kulturrosa

Kulturrosa er ei påskjøning i Meland kommune. Ho vert gjeven til personar som har gjort ein særleg innsats i nærmiljøet sitt. No etterlyser kommunen kandidatar til Kulturrosa i 2018. Dei som har nokon dei vil nominera til utmerkinga, kan kontakta kommunen innan 15. august, skriv kommunen på heimesida si.

Avsluttar på Hosteland

Føyset helselag og Hatlevik helselag i Masfjorden har bestemt å trekka seg ut av drifta av Helselagsstova på Hosteland. Dei var med på å starta drifta av stova i 1996/97 for å etablira ein samlingssted for brukarar og andre. Men etter at sjukeheimen kom til Hosteland, er det fleire fellesareal og møterom som kan nyttast til dette føremålet. Dei to helselaga ønskjer at kommunen overtek Helselagsstova og nyttar henne til ulike føremål i samsvar med det som var tanken i utgangspunktet. Frå 1. august overtek difor kommunen ansvar for utleige av stova, samt vedlikehald og vask. Kommunen vil leggja til rette for at frivillige lag og organisasjonar kan nyitta lokala, skriv kommunen i eit brev til Nordbygda helselag.